

# ÅRSmelding 2019 - Miljøpartiet dei Grøne Vang

## Årsmøte

Laget helt sitt årsmøte den 12.2 på Vang folkebibliotek, med 7 medlemmar tilstades.  
Følgjande styre vart valt, og konstituert på styremøte 11.3.2019:

- |                                |          |
|--------------------------------|----------|
| • Derk Stegwee                 | leiar    |
| • Marte Tangen                 | sekretær |
| • Tor- Evert Grøndahl Johansen | kasserar |
| • Marita Østborg               |          |
| • Bjørn Nylander               |          |

Laget hadde 17 medlemmar i 2019.

## Kommuneval 2019

11.3.2019 heldt vi også nominasjonsmøte. Vi stilte følgjande liste til kommunevalet:

1. Erlend Eggen
2. Bjørn Nylander
3. Ida Østvold Heensbakken
4. Marita Østborg
5. Tor-Evert Johansen
6. Elisabeth Sparstad
7. Erika Lystedt
8. Derk Jan Stegwee
9. Marianne Isachsen

Før valkampen kom i gang deltok Erlend på listetoppsamling i regi av MDG den 4 - 5 mai.  
Laget arrangerte valkamps møter 14.5, 29.5, 20.6, 13.8. På første møte vart det sett ned  
arbeidsgrupper som produserte tekst til dei ulike avsnitta i programmet.

Vi utforma eit program basert på malen frå MDG sentralt. Dette vart delt ut i alle postkasser  
og publisert på nettsida vår. Vi presenterte alle listekandidatane + dei fem hovudkapitla frå  
programmet på facebook.

Vi stod på stand på Joker Ryfoss 24.8., Joker Tyinkryset 31.8 og Coop Fjellvang 7.9. Ida  
deltok i debatt på Valdres radio 3.9., Erlend deltok i debatt om fjellgrense på Valdres  
folkemuseum, og Bjørn, Marita og Erlend deltok i valdebatt på Vang folkebibliotek 28.8.

Det var omtale av MDG Vang i Avisa Valdres, og vi hadde 2 eigne lesarinnlegg på trykk.  
Erlend var intervjuet i Fri fagbevegelse og Nationen.

**Under valet 11.9.2019 fekk vi 7,6% av stemmene. Erlend beholdt sin plass i  
kommunestyret, og kom inn i kontrollutvalet. Ida vart valt inn i hovedutval for  
utvikling, og Marita fikk plass i styret til e-verket.**

15. og 16. november 2019 var Erlend og Bjørn på folkevaltsamling i Brummundal i regi av MDG Hedmark og Oppland, no MDG Innlandet.

Erlend vart i desember invitert inn i ei nasjonal ressursgruppe som skal sjå på partiet sin distriktpolitikk og koma med innspel til utforming av nytt partiprogram.

## Politisk arbeid

I tillegg til å drive valkamp har partiet vore representert i hovedutvalg for utvikling og kommunestyre i 2019.

Partiet har jobba hardt for å få eit endeleg vedtak for Sentrumsplanen i Vang, som kom på plass våren 2019. I arealsaker der grunneigarar ønskjer nye utviklingsområde for hyttebygging har partiet vore kritiske og bede om at både politikarar og administrasjon tek omsyn til viktige natur- og friluftsområde.

I sakar som omhandlar kraftressursar, konsesjonskraft og godkjenning av nye vasskraftverk har partiet stilt viktige kritiske spørsmål. Kraftskatteutvalget har sett skattesystemet omkring norske vasskraftkommuner under lupa og peikt på moglege endringar. Konsesjonskraft gjev høgt lokalt forbruk. I ei tid då ein må tenkje meir heilskapleg kring fornybare energikjelder må vasskraftkommuner som Vang melde seg på og tenkje nytt omkring konsesjonskraft og skattesystem slik at vasskrafta faktisk kan spele ei positiv rolle i den totale energiregnskapen. Med eit [nytt skatteregime](#) kring vasskraft kan ein få høgare inntekter til fordeling mellom stat, fylke og kommune.

Når det gjeld husbygging og nye innbyggjarar så har MDG Vang initiert og delteke i arbeidet med ny boligstrategi. Innovasjon spelar ei avgjerande rolle for å få folk til å velge Vang. MDG Vang støttar heilhjarta opp om arbeidet og har tru på ein offensiv boligpolitikk.

I landbrukspolitikken har MDG Vang hatt god kontroll på [retningslinene for frådelig](#) som eit initiativ til å få nye eigalarar på mørklagte bruk. Erfaringane så langt er positive. Bruka kjem ut for salg og nye eigalarar kjem til, som var hovudmålsettinga med å få retningslinene på plass.

Som politikar er det tydeleg at retningslinene ofte blir feiltolka, misforstått og misbrukt. Retningslinene krev tett oppfølging og politikarane må ha kontroll på kvifor dei finst og korleis dei skal nyttast. Det er avgjerande at MDG kan retningslinene til punkt og prikke slik at vi kan følgje opp der dei andre partia ikkje kan eller ønskjer å tolke retningslinene slik dei skal. Misbruk av retningslinene vil ikkje støtte opp om hovudmålsettinga.

Kommunestyret i Vang vedtok på budsjettmøtet i november 2018 at det skulle settast av penger til arbeidet med klimaplan og klimabudsjett. Arbeidet vart ikkje iverksett i 2019. Pengane er no overført til budsjettet for 2020 med tydelege føringar for korleis midlane skal nyttast. MDG Vang vil følgje opp slik at midlane vert nytta på riktig måte og kvar etat skal etter planen rapportere om relevante klimatiltak i eigen etat på budsjettkonferanse våren 2020.

Vedteke på årsmøte sundag 2. februar 2020.